



# Dette vil vi arbeide for dei neste 12 åra

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021- 2032

Vedteken av Høyanger kommunestyre den 16.12.2021



# Innhald:




**Situasjonsbilete**  
side 5

**Kort fortalt**  
side 3



**Medverknad side 8**

## Satsingar på veg mot 2032



# Kommuneplanen sin samfunnsdel på 1 min

## Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er saman med økonomiplanen og årsbudsjett Høyanger kommune sitt viktigaste styringsdokument. Den legg langsiktige føringar for kommunen si verksemد og tydeleggjer kva rolle kommunen tek med omsyn til samfunnsutvikling.

Det er i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen sine mål, strategiar og satsingsområde vert definert. Planen er førande for alle tenesteområda i kommunen, prioriteringar i økonomiplan og budsjett, samt for anna planarbeid. Nasjonale og regionale mål ligg til grunn for planarbeid i Høyanger kommune.

## Kva er det aller viktigaste?

Verdiane til høgre! Desse vert inkludert i våre satsingsområde og strategiar fram mot 2032. I samfunnsdelen kan du lese meir om korleis vi skal få det til.

## Kvífor skal eg bry meg?

Du som bur i Høyanger kommune kan bidra til å gjere lokalsamfunnet til ein bedre stad! Saman kan vi skape ein enda betre kvardag for alle, og eit lokalsamfunn der alle føler seg heime.

Dette er utgangspunktet for kommunen sin visjon:

**Ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar.**

## Verdiar

### Kraftfull

ressursar  
kompetanse  
handlekraft  
synleg  
aktiv

### Skapande

omstettingsdyktig  
ser moglegheiter  
søkjer samarbeid

### Inkluderande

open  
fordomsfri  
rettferdig  
respekt  
service

For meg som ordførar har samfunnsdelen ei viktig rolle som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk -og politisk styring samt medverknad. Samfunnsdelen peikar på ønska utvikling, og kva mogelegheiter og utfordringar vi står ovanfor. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen og planen må følgjast opp i budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Som kommune må vi ta omsyn til nasjonale føringar og forventningar til vårt arbeid. Regjeringa har gitt uttrykk for at vi står ovanfor fire store utfordringar;

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom m.a ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Ei anna internasjonal føring for vårt arbeid er FN sine berekraftsmål. Dei er sett saman av 17 mål, og 169 delmål, og er heile verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap, og stoppe klimaendringane innan 2030. Alle må bidra for å nå desse måla, og Høyanger kommune skal legge dette til grunn for si verksemde.

Høyanger kommune har sommaren 2021 om lag 4.050 innbyggjarar. Vi har erfart ei nedgang i folketalet dei siste 20 åra, og vi ser at våre innbyggjarar vert eldre. Det er særleg dei mellom 19 og 30 år som flyttar frå kommunen, anten for å studere eller å finne seg arbeid andre stadar.

Så – let ei slik utvikling seg snu? Svaret må definitivt vere JA!

Høyanger kommune har store mogelegheiter inn i det grøne skiftet og mot sirkulærøkonomi. Industristanden Høyanger har rein, fornybar vasskraft, vi har infrastruktur som topp moderne industrianlegg, vi har djupvasskai, vi har leverandørar til industri med høg kompetanse, og vi har kultur for skiftarbeid. Det er slike type samfunn som kan ta ei rolle inn i det grøne skiftet, basert på ny, sirkulærøkonomi.

Vi erfarer auka globalisering, urbanisering og digitalisering som også kan gje mogelegheiter. Tida i – og etter pandemien har synt oss at det fint gå an å jobbe heimattfrå, - noko som kan vere startskotet på eit nytt arbeidsliv i distrikta. Dei unge som vil tilbake til heimstaden sin har no nye mogelegheitar. Vi som kommune må legge til rette for at det kan etablerast moderne og interessante arbeidsfellesskap der folk i ulike bransjar og næringar kan jobbe saman.

Vi må styrke attraktiviteten til kommunen, og sikre at det er godt å både bu, besøke og å drive næring i kommunen. Skal vi lukkast må vi i tillegg tilby nye attraktive jobbar og etablere attraktive lokalsamfunn som gjev trygge og gode oppvekstvillkår. Dette vil vere med å sikre tilflytting. For å rekruttere må vi jobbe aktivt for eit enda betre samarbeid mellom skule, utdanning og arbeidsliv.

Vidare må vi sikre utvikling av nye næringsområde – både på land og i sjø. Samstundes må vi jobbe for å betre naudsynt infrastruktur som vegar, kollektivtrafikk og fiber. Vi må halde fram med vår målmedvitne satsing på kultur og folkehelse. Vi må dyrke samspelet mellom det profesjonelle, kommunen og dei frivillige. Vi må jobbe for å skape eit inkluderande og aldersvenleg samfunn, universell utforming og gode møteplassar. Vi må arbeide for å redusere ulikskap gjennom auka sysselsetting og på den måten redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader og å førebygge ulikskap.

Lukkast vi med dette vil Høyanger kommune vere mellom vinnarane på mange frontar i åra som kjem. Vi har alle mogelegheiter til å lukkast dersom vi jobbar saman og jobbar målmedvite!

God lesnad!



Petter Sortland  
ordførar

# Situasjonsbilete

- folkesamansettinga:
  - nedgang i barnetal
  - aldrande befolkning
  - netto fråflytting
- arbeidskraft og sysselsetting:
  - nedgang i tal sysselsette
  - pendling og auka integrering i ein større arbeidsmarknad
  - utfordring å rekruttere arbeidskraft og kompetanse
- oppvekst og levekår:
  - møglegheit for utdanning lokalt og regionalt
  - møglegheit for arbeid lokalt og regionalt
  - aukande sosial ulikskap
  - aldrande befolkning og redusert møglegheit til aktiv deltaking i samfunnet
- klima og miljø:
  - klimaendringar og samfunnstryggleik
  - reduksjon av klimagassar
  - historisk industriaktivitet og miljøutfordringar
- arealbruk:
  - forvaltning av strandsona
  - behov for nye næringsareal på land og i sjø
  - auka utbyggingspress på naturområde/areal

Les meir om dette i [Grunnlagsdokumentet](#)



"Fordi Høyanger legg til rette  
for barnefamiliar"

-Innbyggjar

# Høyanger 3.0

Høyanger 3.0 er den tredje versjonen av korleis rollefordelinga mellom kommune som organisasjon og innbyggjarane bør vere. På denne måten kan vi best skape trivsel og utvikling i kommunen vår.



## Kommune 1.0

Formyndarkommune  
Kommunen bestemmer  
"Ovanfrå-og-ned haldning"



## Kommune 2.0

Servicekommune  
Brukaren bestemmer  
"Kommunen ber deg gjennom livet"



## Kommune 3.0

Samskapingskommunen  
Vi bestemmer i lag  
"Kva kan vi få til i lag?"

# Medverknad

Arbeidet med samfunnsdelen vart starta i 2018, og vart fullført i 2021 ved at ein gjennomførte prosessen Høyanger 3.0. Her vart samfunnsutvikling i Høyanger kommune drøfta i eigen podcast, i ulike arbeidsmøte, samt på eiga facebookside. Målet var å skape engasjement, deltaking og bevisstgjering rundt temaet samfunnsutvikling, samfunnsdelen som styringsverktøy og korleis ein kan løyse utfordringar i saman.

Tidlegare har det vore gjennomført drøftingar om visjon, mål og satsingsområder med kommunale leiarar, ungdomsrådet og næringsaktørar.

Det er viktig å sikre god forankring både politisk og administrativt slik at kommuneplanen sin samfunnsdel blir eit reelt styringsdokument som blir fulgt opp gjennom konkret handling.



**Styringsgruppa** har drøfta utfordringar og tilrådd strategiske val og satsingsområde.

- Ordførar Petter Sortland
- Varaordførar Geir Helge Østerbø
- Formannskapsmedlem Kristin Råsberg
- Kommunedirektør Kjellaug Brekkhus
- Kommunalsjef Kultur -og folkehelse Anita Nordheim
- HMS -og kvalitetssjef Toril Varden
- Kommunalsjef Oppvekst Stig Engen

**Arbeidsgruppa** har vore ansvarleg for utarbeiding av framlegg til plan.

- Einingsleiar Plan og forvaltning Synne Vefring
- Folkehelsekoordinator/kulturmedarbeidar Maria Brendehaug Petersen/ Kine L. Gunnarskog
- Næringskonsulent Birgitta Hagen
- Arealplanleggar Janne Kristin Bøyum

# Innspel frå medverknad til Høyanger 3.0

9

**Kva strategiske grep må  
Høyanger gjere for å  
påverke si eiga  
utvikling?**

Gripe moglegheiter!  
Grønt skifte  
Optimalisere, omstille  
Snu trenden til å  
marknadsføre dei  
mogleheitene vi har!

Marknadsføre oss som  
teknologisk kommune  
og ikkje berre  
industrikommune

Kontorfellesskap for  
"heimekontor"  
Legge til rette for bruk av  
heile kommunen  
Satsing på marknadsføring  
Satsing på turisme

Lærplinglassar  
Fokus på infrastruktur/  
kommunikasjon  
Sommar -og helgejobb  
ved siden av studie

- Dei 3 viktigaste grep  
for Høyanger dei  
neste åra?**
- 1. Ta med deg jobben til  
Høyanger
  - 2. Ta direkte kontakt med  
potensielle tilflyttarar
  - 3. Ha konkrete tilbod,  
pakketilbod
- 1. Gode tenester
  - 2. Bevisste haldningar/  
framsnakke
  - 3. Trivsel for ungdom
- 1. Infrastruktur og  
kommunikasjon som gjer  
det lettare/ betre å bu  
2. Kommunikasjon/  
omdømme/ identitet/  
marknadsføring  
3. Rekruttering/  
utdanningsstipend**
- 1. Strukturere og  
marknadsføre resultat  
jamnleg på ulike medie
  - 2. Sirkulærøkonomi/ grønt  
skifte
  - 3. Kartlegge fortrinn og  
mogleheter i samarbeid

The background image shows a wide fjord with dark blue water and green hills in the distance. In the foreground, there's a small town with houses and a road along the coastline. A large blue circle is positioned in the upper right corner of the slide.

# Overordna mål:

**Høyanger kommune skal i planperioden auke talet  
innbyggjarar i aldersgruppa 20-40 år**

Aldersgruppa 20-40 år er viktig for å sikre ei berekraftig folketalsutvikling, samt grunnlag for godt tenestetilbod, gode levevilkår og attraktive lokalsamfunn - også i framtida.

# Visjon og verdiar

Samfunnsutvikling blir skapt i eit samspel mellom innbyggjarane, det offentlege, næringslivet og lag- og organisasjonar. For å skape ønskt utvikling i Høyanger kommune må ein difor einast om:

- Kva mål som er viktig å nå
- Kva som skal satsast på for å nå måla
- Kva som må nedprioriterast denne gongen

Høyanger kommune skal også i framtida vere ein attraktiv kommune der innbyggjarane har høve til ei aktiv fritid, der ein finn eit godt offentleg og privat tenestetilbod og der det er gode jobbmogleger. Høyanger kommune ønskjer innbyggjarar som deltek og er engasjert i sitt nærmiljø!

Visjon og verdiar nedanfor er til inspirasjon, rettesnor og korrektiv for kommunalt tilsette sitt daglege virke i samspel med innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar, og skal avspeglast i politiske og administrative avgjerder.

**Visjon:** Ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar.



# Satsingsområde og strategiar

Høyanger kommune sin attraktivitet, eller evne til å tiltrekke seg nye innbyggjarar, arbeidskraft og besökande er viktig for å oppnå folketalsvekst.

Telemarksforsking sin programteori for attraktivitet viser korleis attraktivitet eller tiltrekkingsskraft påverkar nettoflytting. Dette indirekte gjennom arbeidsplassvekst, bedrifts- eller besøksattraktivitet, eller direkte gjennom bustadattraktivitet. Hovudbodskapen er at auka attraktivitet gir auka vekst.

Faktorar som påverkar attraktiviteten til ein stad kan delast inn i fire ulike grupper:

- Bygningar og areal: bustadar, tomteareal, næringsareal, næringslokale og fasilitetar for besökande
- Fysiske kvalitetar og tilbod som eksisterer på ein stad som skular og barnehagar, helsetenester, kulturtilbod, fritids- og rekreasjonstilbod, butikkar, kafear og estetiske sentrum
- Identitet og kultur: sosiale relasjonar og haldningar
- Omdømme: inntrykk som personer utan tilknyting til staden har av staden, lausrive frå dei faktiske forholda

Modellen under ligg til grunn for korleis ein planlegg samfunnsutvikling i Høyanger kommune i planperioden. Satsingsområde er vurdert utifrå følgjande:

- Visjon
- Hovudmål
- Utfordringar som krev felles plattform, merksemd, tverrfagleg samarbeid og løysingar
- Område/forhold der Høyanger kommune har handlingsrom




# Sysselsetting og etablering

## Utviklingstrekk

Sysselsettinga i Høyanger kommune er redusert dei siste 10 åra. Talet arbeidsplassar innanfor industri, jordbruk, skogbruk og fiske har auka, medan arbeidsplassar innanfor det offentlege er redusert.

Som ein konsekvens av dette ser ein auka utpendling frå Høyanger kommune til andre kommunar. Arbeidsmarknaden er i størst grad samankopla med Sunnfjord og Ytre Sogn, samt tidlegare Balestrand kommune.



## Satsing

Høyanger kommune skal legge til rette for at ein skal kunne utvikle nye lønnsame arbeidsplassar og sikre konkurransen i eksisterande bedrifter. Vårt fokus er på aktivitet som kan komplimentere eksisterande næringsliv. Vi skal vidare bygge på naturlege fortrinn innanfor energi, industri, oppdrett og primærnæringar. Vi skal ha eit spesielt fokus på etableringar som tek del i det grøne skiftet.

Gjennom reiselivsatsing skal vi oppnå auka lokal handel, og sikre lokale tilbod. Slik skal Høyanger kommune bli meir attraktiv som bukommune ved at ein både opprettheld og utviklar service -og tenestetilbodet.

Effekten skal vere meir samarbeid, meir allsidig næringsliv, auka innovasjonsevne og at fleire investorar, bedrifter og attraktiv kompetanse søker seg til kommunen.

# Høyanger kommune vil satse på:

- øke tal arbeidsplassar i kommunen
- øke talet besøkande og tilreisande

## Dette gjer vi ved å:

- styrke samhandling mellom kommune, næringsapparatet og næringsdrivande
- tilrettelegge for aktivitet knytt til det grøne skiftet/sirkulærøkonomi
- sikre tilstrekkeleg infrastruktur, næringsareal og næringslokale
- tilrettelegge for kontorfellesskap for staduavhengig arbeid

## Dette gjer vi ved å:

- tilrettelegge, facilitere og informere besøkande
- oppretthalde og utvikle samarbeidet med destinasjonsselskapet Visit Sognefjord
- nytte kulturhistorie, kulturarv, arkitektur og identitet som grunnlag for destinasjonsutvikling
- delta i prosjekt i lokalsentra som bidreg til å utvikle tilbod innanfor reiseliv og handel- og servicenæringa





@Arve Ullebø

# Oppvekst -og levevilkår

16

## Utviklingstrekk

Innbyggjarane i Høyanger kommune har lågare utdanningsnivå enn landet, medan inntektsnivået er om lag som gjennomsnittet. Vi ser ei positiv utvikling i tal elevar som fullfører vidaregåande skule, og Høyanger kommune har lågt fråfall. Yrkesfagleg utdanning har over tid vore etterspurt kompetanse hos næringslivet.

Trass i eit relativt høgt inntektsnivå og positiv utvikling m.o.t. utdanningsnivå, ser ein eit aukande tal hushald med låg inntekt. Dette kan mellom anna sjåast i samanheng med aukande tal eineforsørgjarar. Ei slik utvikling kan forsterke sosial ulikskap i samfunnet.

Moglegheit for å få arbeid i kommunen har variert og tidvis vore prega av nedbemanningar og konkursar. Dette gjer at enkelte har hatt utstabil inntekt, noko som påverkar den sosiale utjamninga, moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar, samt psykisk og fysisk helse.

## Satsing

Høyanger kommune skal vere ein god stad for born og unge å vekse opp. Dette inneberer satsing på eit godt skule- og barnehagertilbod, trygge oppvekstmiljø, meiningsfull kvardag, samt born og unge si fysiske og mentale helse.

Det skal utviklast arenaer der det er låg terskel for å delta, og som er uavhengig av økonomi, ferdigheter og andre ressursar. Dette skal bidra til auka samfunnsdeltaking, inkludering, tilhøyrighet, samt betre fysisk og psykisk helse.

Gjennom ei satsing på oppvekstvilkår, samt kultur og fritidstilbod for born og unge skal Høyanger kommune styrke oppvekstmiljøet slik at kommunen vert ein god bu- og utviklingarena. Slik vert ein også attraktiv for potensielle tilflyttarar og jobbsøkjarar i den aktuelle målgruppa.

Kvalitetsreforma "Leve hele livet" skal følgast opp gjennom arbeid med strategiplan for Helse og omsorg. Slik skal eldre få betre hjelp og støtte til å meistre livet og Høyanger kommune vere betre rusta til å handtere auken i tal eldre.

# Høyanger kommune vil satse på:

- sikre barnehageplass til alle som ønsker, samt sikre eit 13 -årig skuletilbod
- legge til rette for god fysisk og psykisk helse, og ein meiningsfull kvardag for innbyggjarane
- bidra til eit breitt kultur, fritids- og rekreasjonstilbod

## **Dette gjer vi ved å:**


- følge opp mål, satsingar og tiltak i strategiplan for oppvekst
- sikre driftmodell for 13 årig skuleløp og arbeide for å sikre og utvikle Høyanger vidaregåande skule

## **Dette gjer vi ved å:**

- utvikle sosiale møteplassar og lågterskeltilbod som gir høve til fysisk aktivitet og sosialt samvær
- følge opp kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet
- følge opp satsinga "Trafikksikker kommune"
- følge opp helsereforma "Leve heile livet"
- følge opp satsing kring frisklivsentral

## **Dette gjer vi ved å:**

- ha auka fokus på frivillig arbeid og fremje samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar
- legge til rette for bruk av naturen gjennom stiar, informasjon og skilting





@Gøyanger

# Miljø og klima

## Utviklingstrekk

Det blir årleg produsert store mengder rein fornybar vasskraft i kommunen. Dette er energi som i stor grad går med til kraftkrevjande industri. Frå industrien kjem det spillvarme som nyttast til oppvarming av offentlege bygg og anlegg.

Vassdragsutbygging -og regulering har ført til at fleire vassførekomstar har redusert miljøtilstand. Kommunen har også miljøutfordringar knytt til ureiningar av fjordar, utslepp frå nærings- og industriverksemد og eldre ureiningsaktivitet. Det er auka press på utbygging av vindkraft som er eit stort inngrep i naturen.

Det er vidare uvisst korleis andre vassførekomstar er påverka av utslepp frå kommunale avløpsanlegg, spreidde avløp, avrenning frå overflatevatn, samt eksisterande industri. Akvakulturanlegg påverkar også det marine miljøet i ulik grad.


Klimaendringar gjev auka temperatur og nedbørsmengde, medan snømengda vil minke. Dette vil gi mindre snøsmelteflaumar, men aukande lokal, intens nedbør, samt flaum i tettbygde strøk og små, bratte vassdrag.

## Satsing

Høyanger kommune har til liks med alle andre eit ansvar for bidra til å redusere klimagassutslipp, og at ein når nasjonale klimamål. Dette inneberer fokus på og innsats for redusere forbruk og utslepp innanfor områder der ein som kommune har handlingsrom.

Ureining, forsøpling, utslepp er skadeleg for omgivnadane, folkehelsa og Høyanger kommune sitt omdøme. Trygge, reine og miljøvennlege omgivnadar er på den andre sida ein kvalitet som påverkar attraktivitet og dei val potensielle innbyggjarar og næringsdrivande gjer i samband med etablering og lokalisering.

### 2019 Utslipp per gass %



# Høyanger kommune vil satse på:

- å ha trygge, reine og miljøvennlege omgivnadar
- redusere forbruk, avfall og utslepp

## **Dette gjer vi ved å:**

- ha kommunale reinseanlegg som stettar krav til reinsing, det skal lagast plan for korleis fleire husstandar / abonnentar kan koplast til offentleg vatn- og avlaupnett
- nytte kommunen si mynde etter ureiningslova og plikter etter vassforskrifta
- ta vare på landskap, naturmangfold og miljø
- nytte revisjon av konsesjonsvilkår som tiltak for å fremje miljøforbetrande tiltak i regulerte vassdrag

## **Dette gjer vi ved å:**

- redusere energibruk i i kommunale bygg og anlegg
- legge til rette for infrastruktur som fremjar tryggare, enklare og grønare reisekvardag
- ha fokus på livssyklusperspektivet for å gjøre innkjøp grønare





@Odd Arild Løseth

# Attraktive tettstadar

22

## Utviklingstrekk

I Høyanger kommune er Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Bjordal/Søreide lokale senter med kommunalt tenestetilbod. Per definisjon er Høyanger og Kyrkjebø tettstadar (jamfør SSB). Høyanger tettstad er kommunesenteret. Her bur om lag halvparten av innbyggjarane i kommunen, og her er hovudtyngda av offentlege tenester er etablert.

Både kommunesenteret og lokalsentra har nedgang i folketalet. I seinare tid har det vore arbeidd med bustadfelt og sentrumsutvikling i Vadheim, Lavik, Ortnevik, Søreide og Ikjefjord, og ein ser positiv utvikling. Det har ikkje blitt lagt til rette for bustadbygging i området Kyrkjebø Høyanger.



## Satsing

For å sikre eit godt tenestetilbod, samt moglegheit for jobb innanfor pendleavstand må det satsast på infrastruktur og gode kommunikasjonstilbod. Hovudtynda av pendling skjer mot regionsenteret Førde som er det viktigaste arbeidsmarkedet i regionen.

Eit variert bustadtilbod med gode kvalitetar er naudsynt for å skape bulyst. Lokalsentra må ha kvalitetar som gode nærmiljø, rekreasjonsområde og høve til friluftsliv. Det er vidare viktig å utvikle kommunesenteret med omsyn til tenestetilbod, arbeidsplassar og buattraktivitet slik at kommunesenteret vert ein motor i utvikling av kommunen.

I kva grad ein lykkast må målast gjennom endringar i busetnad (flytting og bustadbygging), besøk (overnattingsdøgn og omsetnad), og bedrifter (etableringar og tal arbeidsplassar).

# Høyanger kommune vil satse på:

- infrastrukturtiltak som bidreg til å inkludere lokalsentra og kommunesenteret i ein større arbeids-, bustad- og sørvisregion
- auka bustadbygging i heile kommunen
- skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service

## Dette gjer vi ved å:

- arbeide for utbetring av fylkesveg 5597 (Dyrnesli - Fjaler grense), 5442 og 5586 (Høyanger sørsida), og fylkesveg 55 (Merket - Ulvåna og kurvatur Kråkevik, Vadheim)
- arbeide for utbetring av europaveg E39 Bogen - Sunnfjord grense
- oppretthalde og vidareutvikle kommunikasjonstilbod mellom nordsida og sørsida av kommunen

## Dette gjer vi ved å:

- bustadpolitisk handlingsplan skal tydeleggjer Høyanger kommune si bustadsatsing, samarbeidsformer med private, samt stimuleringstiltak
- prioritere reguleringsplanar og prosjekt som opnar for bustadbygging
- synleggjere og marknadsføre bustadprosjekt og bumoglegheiter

## Dette gjer vi ved å:

- etablere samarbeid mellom næringsliv, byggeigarar og kommune om sentrumsutvikling
- prioritere sentrumsutviklingprosjekt i kommunesenteret og i lokalsentera, samt kvalitet i forvaltning av sentrumsområde

# Høyanger kommune vil satse på:

- styrke moglegheita for rekreasjon- og friluftslivsaktivitet
- redusere tal skader og ulykker

## Dette gjer vi ved å:

- etablere samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar
- prioritere tiltak som gir auka tilgang/ bruk for ålmenta til sjø/strandsone.
- prioritere tiltak som gir auka/lettare tilgang til fjell og turstiar

## Dette gjer vi ved å:

- følge opp kommunedelplan for Trafikktryggleik
- ha fokus på førebygging gjennom arbeid med Trygge lokalsamfunn og Trafikksikker kommune





@Kay Ole Ullebø

# Organisasjon

## Utviklingstrekk

Høyanger kommune har ca. 390 årsverk fordelt innanfor tenesteområda Helse og omsorg (175), Plan og utvikling (50), Kultur og folkehelse (9), Oppvekst (140) og sentraladministrasjonen (16). Tenestene ein leverer er mangfaldig og det er stor breidde i kompetanse, arbeidsoppgåver og arbeidsform. Tenestetilbodet er i stor grad desentralisert. Høyanger har også betydeleg interkommunalt samarbeid for å løyse enkelte tenesteoppgåver.

Kommunen har inntekter som gjer det mogleg å oppretthalde eit desentralisert tenestetilbod, men dette aukar også driftsnivået i kommunen. Ei høg lånegjeld kombinert med aukande rentenivå vil påverke kommunen sitt handlingsrom negativt i planperioden.

Avgjerande for kommuneøkonomien er mellom anna folketalsutviklingc, tal innbyggjarar i arbeid, tal elevar og aukande tal eldre. I tillegg er eigedomsskatt og skatt frå vasskraft er viktig for økonomien i kommunen.

Ei felles forståing av situasjonen og framtidige satsingar og prioriteringar er viktig. Tidvis er våre ambisjonar og ønskjer større enn det økonomiske handlingsrommet opnar for.

## Satsing

Høyanger kommune må sikre tilstrekkeleg kompetanse i organisasjonen til å møte arbeidslivet og samfunnet sine behov.

Det er vidare viktig med god økonomistyring og effektiv ressursforvaltning. Ein må kontinuerlig tilpasse drift etter inntektene. Dette krev i aukande grad at organisasjonen har evne til å vere fleksibel og omstille seg etter behov.



# Høyanger kommune vil satse på:

- å vere ein attraktiv arbeidsplass med kvalifiserte arbeidstakrar og lågt sjukefråvær
- å synleggjere pågåande prosjekt, tiltak og satsingsområde som blir gjennomført i kommunal regi

## **Dette gjer vi ved å:**

- ha fokus på systematisk kompetanseheving der kompetanseplanen ligg i botn
- ha fokus på HMS - arbeid
- ha fokus på oppfølging av nytilsette
- tilpasse seg eit arbeidsliv i endring og nye og meir fleksible måtar å organisere arbeidsdagen

## **Dette gjer vi ved å:**

- utarbeide gode beskrivingar av kommunen sine tenester og tenesteområder
- etablere ein heilskapleg informasjonsprofil på tvers av plattformar - og sakssystem, samt sosiale medium
- ha fokus på informasjonsflyt og kommunikasjon internt og eksternt i kommunen, til tilsette, innbyggjarar og næringsliv

- å forvalte ressursane våre effektivt, og sikre god kvalitet i tenestene tilpassa dei framtidige økonomiske rammene

### **Dette gjer vi ved å:**

- ha fokus på planlegging og samhandling/ felles innsats på tvers av fag- og sektorar
- ha fokus på kontinuerleg tilpassing av organisasjonen med omsyn til variasjon i arbeidsoppgåver og tenestemottakarar
- ha fokus på bruk av ny teknologi i utvikling av tenestene
- utarbeide ein rekruttering- og kompetanseplan for kommunen

- å drive kvalitetsforbetring for å sikre at ein leverer tenester i tråd med lover og forskrifter

### **Dette gjer vi ved å:**

- ha fokus på kvalitetsforbetring gjennom dokumentasjon av prosedyrar og awiksrapportering
- bygge opp kvalitetssystemet i Høyanger kommune



@Arvid Fimreite

# Overordna arealstrategi

30

## Utviklingstrekk

Klimaendringar vil påverke samfunnet på mange måtar til dømes gjennom havnivåstigning, auka flaum- og skredfare, auka vèrpåverknad på bygg, vegar og anna infrastruktur.

Det er etterspurnad etter næringsareal på land og i sjø, og det er viktig å legge til rette for tilstrekkeleg areal til dette. Det kan vere ei utfordring å vekte næringsinteresser mot andre interesser og omsyn.

Arealbruken generelt i Høyanger kommune har ikkje endra seg særleg dei siste 20-30 åra. Det er etablert bustadfelt i Ortnevik, Søreide, Ikjefjord, Lavik og Vadheim. Det er behov for tilrettelegging for bustadar i Høyanger, Kyrkjebø og i Ortnevik.

Det er utbyggingspress i strandsona på landsbasis med omsyn til fritidsbustader, flytebrygger og kaianlegg. Høyanger kommune må sikre ei berekraftig utvikling tilpassa lokale forhold.

Høyanger kommune skal sikre landskap, naturmangfold og miljø, og ønskjer ikkje vindkraftutbygging i kommunen.

Kommunesenteret har eit særleg arkitektonisk uttrykk gjennom bygningar, historie og kulturarv, som vert forringa over tid.

## Satsing

Arealstrategien skal leggast til grunn i tettstadutvikling, næringsutvikling, i utbetring av infrastruktur, og forvaltning av strandsona og utmarksareal.

Fysiske møteplassar for unge og eldre, omsyn til klima og miljø, samfunnstryggleik, bevaring av kulturarv, friluftsområder, viktige landbruksareal, næringsareal på land og i sjø skal sikrast i kommuneplanen sin arealdel. Høyanger tettstad har ei rikhaldig kulturarv som skal ligge til grunn for vidare utvikling.

Det skal satsast på å auke kommunen sin attraktivitet ved å etablere bustadområder i Høyanger, Kyrkjebø og Ortnevik, samt utvikle og utvide eksisterande næringsområder.



# Høyanger kommune sin overordna arealstrategi:

- ha fokus på tilrettelegging for bustadbygging i heile kommunen
- sikre tilstrekkeleg næringsareal på land og i sjø
- sikre landskap, naturmangfald og miljø i kommunen
- å legge rette for miljøvennlig transport, og tilgang på gang -og sykkelveg og trygg skuleveg.
- prioritere infrastrukturtiltak som bidreg til å inkludere bygdene og kommunesentret i ein større arbeids-, bustad- og serviceregion
- sette fokus på å bevare og utvikle Høyanger kommune sitt arkitektoniske uttrykk, historie, og kulturarv
- lokalisere nye utbyggingsareal til eksisterande tettstadar og lokalsentra
- etablere og utvikle møteplasser og lågterkseltilbod
- bevare grøntområde og tilrettelegge for friluftsliv for slik å sikre gode aktivitetsarenaer for mennesker i ulike livssituasjonar og fasar
- vektlegge bruk og vern av natur- og kulturmiljø, høve for friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Samstundes må ein gje moglegheiter for utbygging av tettstader og lokalsenter.
- å ha fokus på samfunnstryggleik
- å vere tydeleg på når det er krav om reguleringsplan, og kva omsyn og interesser Høyanger kommune vektlegg

# Handlingsplan/prioriterte tiltak i perioden 2022-2025

Kommuneplanen sin handlingsdel vert integrert i arbeid med økonomiplan og budsjett frå og med 2022. Førebels er følgjande tiltak prioritert som oppfølging av kommuneplanens samfunnsdel.

- revisjon av kommuneplanen sin arealdel
- utarbeide strategi- og tiltaksplan for Høyanger næringsutvikling
- styrke buattraktivitet i Vadheim gjennom utvikling av sjøområde og småbåthamn
- nytt barneskitrekk på Siplo
- samarbeide med lag- og organisasjonar om utvikling av sentralidrettsanlegget
- sikre og utvikle næringsareal både på sjø og land
- stadutvikling Sæbøtangen
- samarbeidsprosjekt mellom Høyanger kommune, Høyanger næringsutvikling, næringsliv og lag- og organisasjonar om tilflytting og rekruttering
- bevare og utvikle kraftanlegg K1 og K2 til attraksjonar som gir verdiskaping





"Vi treng alle kvarandre"

-innbyggjar



Høyanger kommune